

Signering av referat frå møte i Sunnhordlandsrådet 6. september 2024

Signering av referat frå møte i Sunnhordlandsrådet 6. september 2024

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- HELLAND, MORTEN, signert 30.09.2024 med BANKID
- Bakke, Synnøve, signert 02.10.2024 med BANKID
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg, signert 30.09.2024 med BANKID
- Bjørnevik, Vegard, signert 30.09.2024 med BANKID
- Framnes, Sigbjørn, signert 07.10.2024 med BANKID
- Taranger, Bente Kari Sletten, signert 30.09.2024 med BANKID
- ANDRÉ HAUKÅS, signert 30.09.2024 med BUYPASS



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet

Fredag 6. september 2024 kl. 09.30 – 14.30, Moster Amfi

Referatet vert godkjent elektronisk av Sunnhordlandsrådet.

Desse møtte:

Sunnhordlandsrådet:

Bente Kari Sletten Taranger	Austevoll kommune
Morten Helland	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Etne kommune
Vegard Bjørnevik	Kvinnherad kommune
Sigbjørn Framnes	Stord kommune
Andrè Mundal Haukås	Sveio kommune
Synnøve Bakke	Tysnes kommune

Kommunedirektørar/rådmenn:

Hogne Haugsdal	Austevoll kommune
Kjetil Aga Gjøsæter	Bømlo kommune
Steinar Dalland	Fitjar kommune
Tommy Johansen	Stord kommune
Jostein Førre	Sveio kommune

Frå administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust	Region Sunnhordland
-----------------------	---------------------

Andre:

Odd Harald Hovland	Stortingspolitikar AP
Helge André Njåstad	Stortingspolitikar FrP
Nils Konrad Bua	Haugesund kommune

Forfall:

Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
------------------	----------------

Orienteringar:

- Invest In Sunnhordland v/ Astrid Kjellevoid
- Odd Harald Hovland, stortingspolitikar AP
- Helge André Njåstad, stortingspolitikar FrP
- Stian Jean Opedal Davies, varafylkesordførar Vestland fylkeskommune

Bedriftsbesøk:

- Moster Amfi v/ Nina Olsen
- Aasen Shipping v/ Ole Martin Torkelsen
- Scale AQ v/ Ståle Ytrøy

Dokumentet er signert digitalt av:

HELLAND, Morten (03.04.1973), 30.09.2024 | AUSTEVOLL, BØMLO, ETNE, FITJAR, KVINNHERAD, STORD, SVEIO OG TYSNES | A Postboks 444, 5403 Stord
Bakke, Synnøve (02.07.1984), 30.09.2024 | E post@regionsunnhordland.no | W regionsunnhordland.no
Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 30.09.2024
Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 30.09.2024
Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 07.10.2024
Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.09.2024
ANDRÉ HAUKÅS (.), 30.09.2024

Forseglet av



Posten Norge

Saker:

- Sak 26/24 Godkjenning av sakslista
Sak 27/24 Fråsegn: Utviklingsplan for Vestland 2024-2028
Sak 28/24 Møteplan 2025
Sak 29/24 Møte Hordalandsbenken og departementa 2025 -saksliste
Sak 30/24 Tema for felles formannskapskonferanse 2025
Sak 31/24 Arendalsuka – evaluering og vurdering vidare deltaking
Sak 32/24 Skriv og meldingar
a) Rein Hardangerfjord 18-19. september
Sak 33/24 Ymse

Sunnhordland, 13. september 2024

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Dokumentet er signert digitalt av:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 30.09.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 02.10.2024
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 30.09.2024
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 30.09.2024
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 07.10.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.09.2024
- ANDRÉ HAUKÁS (.), 30.09.2024

Forseglet av



Posten Norge

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet

Fredag 6. september 2024 kl. 09.30 – 14.30, Moster Amfi

Sak 26/24 Godkjenning av sakslista

Samrøystes godkjent.

Sak 27/24 Fråsegn: Utviklingsplan for Vestland 2024-2028

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet IPR er regionrådet for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Ein særskilt viktig region for Vestland fylkeskommune, med tanke på grøn næringsutvikling og eksport. Sunnhordlandsrådet handsama i regionrådsmøte 6. september Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 og ønskjer å koma med følgjande kommentarar/innspeil:

1. Sunnhordlandsrådet oppfattar planen som oversiktleg og den gjer ei tydeleg strategisk retning for Vestland. Til tema klima er regionen samde i at omstillinga går for sakte. Sunnhordlandsrådet ønskjer å kunne bidra til lokalsamfunnet og næringslivet si omstilling. Me ønskjer at fylkeskommunen si strategiske tilnærming til tilskotsordningar som til klima- og energitiltak, bør supplere nasjonale tilskotsordningar. I 2020 då Utviklingsplan 2020-2024 var ute til høyring, stilte Sunnhordlandsrådet spørsmål ved korleis fylkeskommunen hadde tenkte å måle/dokumentere at dei strategiske måla dei sette seg vart nådd. Me ser at «korleis måle berekraft» no er tatt inn på s. 12 i Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, men det er framleis noko utydeleg kva for verktøy/indikatorsystem skal nyttas. Kan Vestland fylkeskommune vise til målbare resultat for perioden 2020-2024?
2. Generelt vil Sunnhordlandsrådet understreke at det er svært viktig at kommunane er med i planar som gjeld dei i ein tidleg fase. Utan tidleg involvering frå kommunane får ikkje regionale planar den funksjonen dei er tenkt å ha og bli kime til motstridande interesser og/eller motsegn. Me ønskjer at fylkeskommunen tek ei koordinerande og rettleiande rolle når det gjeld statlege planretningslinjer kor kommunane skal samarbeide.
3. Eit godt kollekttilbod som og inkluderer ein miks av ferje- og snøggbåttilbod er sentralt for Sunnhordland. Betre korrespondansar vil halde fram med å vere eit viktig strategisk tema i perioden og kommunal medverknad er avgjerande for å få dette til. Eit strategisk tema knytt til dette er at det fylkeskommunale kollektivtilbodet må bli tilpassa fylkeskommunalt opplæringstilbod i større grad slik at ein unngår at elevar må nytte urimeleg mykje tid på venting og korrespondansar. For at me som region skal ta vår del av ansvaret for å sikre god mobilitet ønskjer me at VLFK/Skyss framover kan bistå med meir lokale tal og data på reisevanar, passasjerutvikling, infrastrukturbehov osv.
4. Det må innanfor regionane også vera tilstrekkeleg desentralisert opplæringstilbod. Det er viktig for å unngå at unge flyttar tidleg vekk i frå kommunen. Då er det vanskeleg å få dei til å flytte tilbake igjen eller bli i buande. Elevar på VGS sine utemiljø må ha gode kvalitetar. Arkitektoniske og estetiske kvalitetar må i større grad bli løfta fram for skulebygg og regulering. Det er og generelt lite om

Dokumentet er signert digitalt av:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 30.09.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 02.10.2024
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 30.09.2024
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 30.09.2024
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 07.10.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.09.2024
- ANDRÉ HAUKÅS (.), 30.09.2024

Forseglet av



Posten Norge

5. Vestland Fylkeskommune er det einaste fylket i landet som har alle dei tre UNESCO-destinasjonane for areal representert. Det vil sei verdsarv, MAB og geopark. Dette stadfestar at Vlfk har ekstraordinære natur- og kulturkvalitetar. Kvar og ein av desse organisasjonane arbeider med formidling, forvaltning og ivaretaking av UNESCO-statusen, og arbeider på tvers av fleire fag og sektorar. I samband med Utviklingsplanen føreslår me at det vert laga ein temaplan Strategi for utvikling av UNESCO-parkane i Vestland fylke som legg føringar for korleis potensialet i dei fire UNESCO-parkane på best mogleg vis kan bli til gagn for dei som bur i fylket og våre gjester, samt korleis fylket og parkane skal samarbeide framover.

Vedtak:

Sunnhordlandsrådet blei eining om å legge til følgjande punkter i fråsegna:

- Oppgradering av fylkesvegnettet må og prioriterast høgt dersom me fortsett skal ha næringsetablering og verdiskaping i regionen. (Dette punktet skal flettes inn i punkt 3 i fråsegna)
- Sunnhordlandsrådet vil be fylket vurdere talet på regionale planar, inkludert temaplanar for fylket. For at kommunane skal lykkast, er det viktig at lokaldemokratiet har enkel og god oversikt over dei overordna planane. Ein reduksjon i planverket vil bidra til dette. (Dette punktet skal leggjast til som eit punkt 6 i fråsegna)

Sak 28/24 Møteplan 2025

Framlegg til vedtak:

Møter	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Nyttårsmøte med Vlfk	tbn										
Møte med Hordalandsbenken + departementa	13-15										
Arbeidsutvalmsmøte	31*		21*		30*		22*		3*	21*	
Sunnhordlandsrådet		14		4		13		5	17		5
Regionalt formannskapsmøte			14								
Felles AU med Haugalandrådet					31*					21*	
Felles rådsmøte med Haugalandrådet						12					4
Felles AU med Hardangerrådet			21*								
Felles rådsmøte med Hardangerrådet				3							
Studietur					tbn						
Arendalsuka							11-14				
Staten møter kommunane										tbn	
KS Vestland			tbn							tbn	

*Digitale møter på Teams.

Stad for møta i Sunnhordlandsrådet:

2. februar: Kvinnherad

11-12. april: Stord

13. april: Ålesund

14. april: Ålesund

12. september: Tvedestrand

13. september: Tvedestrand



18. oktober: Sveio
5-6. desember: Bømlo

Vedtak:

Møter	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Nyttårsmøte Vlfk	10										
Møte med Hordalandsbenken + departementa	14-15										
Arbeidsutvalsmøte	31*		21*		30*		22*		3*	21*	
Sunnhordlandsrådet		14		4		13		5	17		5
Regionalt formannskapsmøte			14								
Felles AU med Haugalandrådet					31*					21*	
Felles rådsmøte med Haugalandrådet						13					4
Felles AU med Hardangerrådet			21*								
Felles rådsmøte med Hardangerrådet				4							
Studietur					tbn						
Arendalsuka							11-14				
Staten møter kommunane										tbn	
KS Vestland			tbn							tbn	

*Digitale møter på Teams.

Stad for møta i Sunnhordlandsrådet:

7. februar: Tysnes
4. april: Stord evt. Hardanger
13. juni: Austevoll evt. Haugalandet
5. september: Kvinnherad
17. oktober: Sveio
4-5. desember: Bømlo

Sak 29/24 Møte Hordalandsbenken og departementa 2025 -saksliste

Saka blei lagt fram for drøfting. Sunnhordlandsrådet var einig om å gjennomføre tilsvarande som i 2024. Det kom innspel på at regionrådet ynskjer eit møte med Kommunal- og distriktsministeren, då han ikkje hadde høve i år.

Administrasjonen følger opp drøftinga i møte, med å sende regionrådet eit oppsett kor dei kan komme med sine innspel til saker og departement dei ynskjer å møte i Oslo den 14-15. januar.

Sak 30/24 Tema for felles formannskapskonferanse 2025

Framlegg til vedtak:

Arbeidsutvalet legg fram forslag om at eldreomsorg blir det overbyggjande tema for felles formannskapskonferanse i 2025, då det er ein av dei store utfordringane kommunane skal løyse frametter. Arbeidsutvalet legg og fram forslag om å involvere KS.

Alt peikar på at den største utfordringa me som samfunn står ovanfor i tida som kjem, er mangel på folk og kompetanse. Noko som og blir understreka i den siste Perspektivmeldinga til regjeringa.

Mangel på folk og kompetanse slår ekstra kraftig ut i helse- og omsorgssektoren, kor det er ein stadig auke i tal eldre som treng hjelp, men stadig færre arbeidstakar per pensjonist tilgjengeleg.

Dokumentet er signert digitalt av:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 30.09.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 02.10.2024
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 30.09.2024
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 30.09.2024
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 07.10.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.09.2024
- ANDRÉ HAUKÅS (...), 30.09.2024

Vedtak:

Forseglet av



Posten Norge

Sunnhordlandsrådet var samrøystes eining i at eldreomsorg kan nyttast som eit overbyggjande tema, og at det er blir utarbeid eit program kor me lærer av andre som har løyst tilsvarande utfordringar. I tillegg bad regionrådet administrasjonen utarbeide eit forslag til agenda som tok opp i seg følgjande tema:

- Den norske velferdsmodellen
- Ressurskrevjande brukarar
- Utanforskop og inkludering
- Interkommunalt samarbeid i helsesektoren
- Planarbeid
- Samferdsel

Regionrådet bad om at Stord hotell vart booka til arrangementet.

Sak 31/24 Arendalsuka – evaluering og vurdering vidare deltaking

Saka blei lagt fram for drøfting. Sunnhordlandsrådet var jamt over nøgd med overnatting og arrangement under årets Arendalsuka. Det som ikkje fungerte var fellessamlinga med Haugalandrådet måndag ettermiddag.

Sunnhordlandsrådet bed administrasjonen om å arrangere ei felles samling / middag på måndagen berre for Sunnhordlandsrådet, då me har mange felles arrangement med Hauglandet resten av året. Regionrådet ynskjer å bu så sentralt som mogleg, gjerne som i år. Men dei ynskjer ikkje å betale meir. Felles program på scena med Haugalandrådet kan gjerne vidareførast i ei eller anna form. Liten båt midt i Pollen ved gangbrua, slik me hadde i fjor, var det mange som sakna.

Administrasjonen legg fram forslag til tidsplan/agenda for Arendalsuka 2026 i neste regionrådsmøte.

Sak 32/24 Skriv og meldingar

a) Rein Hardangerfjord 18-19. september

Den 18. september kl18-21 vil kvelds arrangementet for årets aksjon gå av stabelen. Det blir om bord på MS Sunnhordland. Administrasjonen oppfordrar Sunnhordlandsrådet til å delta. Her vil de få møte alle aktørane som er i sving for å rydde vår felles fjord. Den 19. september er sjølv ryddedagen. Me vonar så mange som mogleg har anledning til å registra eit ryddelag og delta. Kvar kommune har ein kommunal koordinator, som fasilitera kven som skal rydda og kor det skal ryddast. Sjå www.framtidshavet.no for informasjon om korleis ein melder på ein ryddeaksjon.

Sak 33/24 Ymse

Under ymse blei lagt fram eit spørsmål, om tilslutning om å etablere eit prosjekt finansiert av skjønnsmidlar, for å avklare ansvarsforhold mellom kommunalt akutt førstehjelp (kommunal brann og redning) opp mot Helse Fonna. Sunnhordlandsrådet godkjente samrøystes at saka blei tatt vidare i Kommunedirektørutvalet.

Dokumentet er signert digitalt av:

- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 30.09.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 02.10.2024
- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 30.09.2024
- Bjørnevik, Vegard (03.02.1992), 30.09.2024
- Framnes, Sigbjørn (20.03.1965), 07.10.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 30.09.2024
- ANDRÉ HAUKÅS (.), 30.09.2024

Forseglet av



Posten Norge